

Sognekraft AS
Postboks 3
6891 VIK I SOGN

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **16 MAR 2009**
Vår ref.: NVE 200901236-2 ki/hka1
Arkiv: 312 /078.3Z
Dykkar dato: 06.03.2009
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Heidi Kannick
22 95 91 79

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vedr. søknad om løyve for Mundalselvi kraftverk i Sogndal kommune – mellombels svar


Vi har motteke Dykkar utkast til søknad, datert 06.03.2009.

NVE har dei siste åra motteke vesentleg fleire søknadar enn det vi har kapasitet til å handsame. Dette har resultert i at sakene ikkje vert tekne under handsaming i det dei vert mottekne av NVE. Innkomne søknadar vert lagt på vent i eit ordna kø-system. I hovudsak vil sakene verte handsama i kronologisk rekkefølge etterkvart som sakshandsamarane har ledig kapasitet. Det kan gjerast unntak i den kronologiske rekkjefølgja om det er best teneleg med samordna sakshandsaming innanfor enkelte område. I tillegg vil søknadar om inngrep i verna vassdrag prioriterast noko lågare. Det same gjeld saker der nettilknytning ikkje er avklara, og i saker der det ikkje er semje mellom rettshavarane.


Søknaden Dykkar er mellombels plassert i kø, og vil tidlegast verte teken under handsaming i løpet av fyrste halvår 2011. NVE gjev beskjed når saka er tildelt ein sakshandsamar. Vi vil elles anbefale at ein held seg orientert på NVE sine nettsider medan ein ventar på at saka vert teken til handsaming. Dette i tilfelle eventuelle endringar med omsyn til krav til innhald i slike søknader.

Ynskjer ein meir informasjon om kriteria NVE prioriterer konsesjonshandsaming etter viser vi til våre nettsider www.nve.no/smaakraft. For meir informasjon kring Dykkar søknad ta kontakt med saks-handsamar på direktenummeret over, eller med seksjonssjef Øystein Grundt på telefon 22 95 93 89.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Heidi Kannick
førstekonsulent